



Lars Øyvind Hillestad
Alvervegen 37B
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1576 - 16/32559

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2016

Gbnr 137/14 Alver. Melding om vedtak i sak 138/16 i Plan- og miljøutvalet.

I sak 138/16 gjorde Plan- og miljøutvalet følgjande vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Med heimel i pbl §19-2 gjev Lindås kommune ikkje dispensasjon frå føresegnene til kommunedelplanen for Alversund og Knarvikt pkt.2.3. til å dele frå 31000m2 frå gnr.137 bnr. 14, slik det er søkt om.

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele frå ein parsell på 31000m2 delvis LNF- område og delvis område for offentlege føremål, frå gnr.137 bnr. 14 slik det er søkt om.

Med heimel i jordlova §12 ligg det til rette for å gje løyve til å dele frå det arealet som ligg innanfor dei 31000m2 og som i planen har status som LNF område.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

.....
PM - behandling: Ståle Hauge-Ap stilte spørsmål om eigen gildskap grunna særlege forhold i form av nær tilknytning til person hvis avgjerd kan innebere fordel/ulempe. Basert på ei vurdering frå kommuneadvokat, (sjå vedlegg til protokoll) - fann utvalet at S.Hauge var gild i handsaming av denne saka.

Orientering til saka v/rådgjevar Eli Bjørklid

Framlegg frå K.Vågstøl-H:

Med heimel i pbl §19-2 gjev Lindås kommune dispensasjon frå føresegnene til kommunedelplanen for Alversund og Knarvikt pkt.2.3. til å dele frå 31000m2 frå gnr.137 bnr. 14, slik det er søkt om.

Fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Frådelinga vil leggja til rette for ei betre vegutløysing frå Galteråsen i sør. Kjøpar vil bidra til utvikling av området. Kjøpar tar all risiko mht kva som blir vedteke i



kommunedelplan. Planens formål vert ikkje sett vesentleg til side om ein gjev løyve til deling.

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på 31000m2 delvis LNF- område og delvis område for offentlege føremål, frå gnr.137 bnr.14 slik det er søkt om.

Med heimel i jordlova §12 ligg det til rette for å gje løyve til å dele frå det arealet som ligg innanfor dei 31000m2 og som i planen har status som LNF område.

Framlegget vart vedteke med 7 røyster (Ap, Frp, H)

PM - vedtak: Med heimel i pbl §19-2 gjev Lindås kommune dispensasjon frå føresegnene til kommunedelplanen for Alversund og Knarvikt pkt.2.3. til å dele frå 31000m2 frå gnr.137 bnr.14, slik det er søkt om.

Fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Frådelinga vil leggja til rette for ei betre vegutløyving frå Galteråsen i sør. Kjøpar vil bidra til utvikling av området. Kjøpar tar all risiko mht kva som blir vedteke i kommunedelplan. Planens formål vert ikkje sett vesentleg til side om ein gjev løyve til deling.

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på 31000m2 delvis LNF- område og delvis område for offentlege føremål, frå gnr.137 bnr.14 slik det er søkt om.

Med heimel i jordlova §12 ligg det til rette for å gje løyve til å dele frå det arealet som ligg innanfor dei 31000m2 og som i planen har status som LNF område.

Saka vert no sendt til Fylkesmannen for at han skal vurdere om han vil klage på Plan- og miljøutvalet si avgjerd. Fylkesmannen har tre veker på seg til denne vurderinga. Først når det er klart at Fylkesmannen ikkje vil nytte klageretten, er vedtaket endeleg og deling kan finne stad.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret i desember 2015 gjeldande for 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Dispensasjonssak – dispensasjon frå føresegnene til kommunedelplanen kr. 9200,-

Deling som ikkje er i samsvar med arealføremålet kr. 8500,-

Handsaming etter jordlova §12 kr. 2000,-

Sum kr.19700,-

Faktura for betaling vert sendt i eige brev.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lars Øyvind Hillestad

Alvervegen 37B 5911

ALVERSUND

Mottakarar:
Liv Unneland

Alverflaten 278 5911

ALVERSUND